

Alver kommune
Pb. 4
5906 Frekhaug

Fløksand, 26.05.2020

Klage ang. vedtak på konsesjonssak Leivik gard gnr.304 bnr.1

Me har drive det dyrka arealet på desse områda på Leirvik gard i mange år, sidan frå ca. når golfbana starta opp. Dette utgjer pr. i dag ein del av vår fôrproduksjonsområde og beiteområde.

Me viser til «Klage på avslag om konsesjon» frå 05.05.20. Der kjem det fram i saka at konsesjonssøker frykter meir lukt -og støyproblematikk frå dyr. Dette ser ikkje me som eit problem, for nokon av områda har det gått dyr på om sommaren allereie i mange år, utan at det har vore noko sak. Ang. at det skal vera ei sikringssone, så er det det same som i dag.

Me ønsker derfor fortsatt å få kjøpe desse områda til landbruksdrift.

Mvh Arne Gunleiv Haugsvær